



Gjermund og Silje spela folketonar frå heile verda.

Gjermund Fredheim frå Uskedalen og Silje Hveem frå Trondheim er ein framifrå musikarduo trass i unge.år.Det fekk dei rundt 50 oppleva som overvar den avsluttande konserten under museumsdagen i Bygdetunet Rød.

Gjermund spelar klassisk gitar og Silje fløyte og dei to instrumenta står ualminneleg godt til kvarandre.

Dei to tok tilhøyrarane med på ei spennande ferd verda rundt med folketoneinspirert musikk som overskrift.




[Kristian Bringedal opnar fotoutstillinga](#)

Primus motor Kristian Bringedal gjorde eit kupp då han fekk duoen til også å koma innom Uskedalen under turneen deira rundt på museane i Hardanger. Og nettopp røykstova hadde den rette atmosfæra for den musikalske rundreisa. Sjølv om folketonar slett ikkje er like, har dei noko felles same kor ein kjem.



[Anna Else Skåla med eit panoramabilete frå Iowa](#)

Vergudane var ikkje nådige under museumsdagen 2010, men arrangementet vart fint avvikla sjølv om alt måtte skje innomhus. Det starta som tradisjonen tilseier med gudsteneste og denne gongen var det den uslitelege misjonærveteranen Gunnar Kjærland som hadde ansvaret for den. Bringedal sat sjølv ved pedalorgelet slik han plar gjera.



Gunnar Kjærland hadde gudstenesta.

Han har gjort ein kjempeinnsats for å samla bilete som fotograf og uskedeling Kristian Pedersen Myklebust har teke og resultatet er imponerande. Bileta blir hengande fram til måndag 30. august då professor Sigrid Lien kjem for å halda foredrag om foto frå det norskamerianske miljøet, som før har vore lite påakta. Men Myklebust gjorde seg sterkest gjeldande i heimlandet. Han var her både i 1898/99, 1905, 1912 og 1914 for å ta bilete som han seinare selde frå atelieret sitt i Iowa.

Også nære slektningar av pionerfotografen var på plass ved opninga av utstillingen. Ein av dei var Anna Else Skåla frå Rosendal. Kona til fotografen, Anna Eik frå Uskedalen, var tanta hennes. Kristian og Anna hadde ei dotter, Margaret, som for rundt 25 år sidan hadde nær kontakt med Uskedalen. Ho har to barn og det er no ei oppgåve å fornya kontakten med familien..

Bileta til Myklebust kan inndelast i 4 kategoriar: Det er dei imponerande panoramabileta, portrett, tun og landskap med folk framfor og dei fascinerande stereobileta.

Bileta til Myklebust er for tida også representerte i ei utstilling på Setesdalsmuseet,

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen